

**Fråsegn frå Odda kommunestyre 17.desember 2015 om
evaluering av Folgefonn DPS -
som er til behandling i styremøtet i Helse Fonna 21. desember 2015**

**Odda kommunestyre protesterer på dramatisk svekking av pasienttilbudet i
Hardanger!**

Odda kommunestyre krev:

- **7-døgnpost vert gjenoppretta i Odda!**
- **Poliklinikken i Odda vert styrka med like mange stillingar som i Kvinnherad!**

Odda kommunestyre merkar seg at administrasjonen i Helse Fonna har foreslått nedlegging av 5-døgnposten i Odda, før evalueringa av Folgefonn DPS er handsama i styret.

Vi stiller spørsmål ved denne framgangsmåten. Vi meiner at det svekkjer tilliten til evalueringa som verktøy for utvikling av Folgefonn DPS.

Tilboda innan Folgefonn DPS er alt vesentleg svekka personalmessig i Hardanger:

- Ved nedlegginga av Jonatunet, vart årsverk ført ut av Hardanger.
- Omgjering av døgnposten i Odda frå 7- 5 døgnsdrift, som etter tidlegare vedtak skulle vera døgntilbudet i Hardanger etter nedlegginga av Jonatunet.
- Sterk reduksjon i årsverk ved poliklinikken i Odda.

Dette fører til at tal årsverk i Hardanger er sterkt redusert (meir enn halvert) medan ressurser er oppretta i Kvinnherad.

Utifrå innspela frå kommunane i Hardanger, reagerer Odda kommunestyre sterkt på at det nok ein gong er i Hardanger Helse Fonna vel å ta

innskrenkingar. Frå at Hardanger tidlegare hadde det vesentlege av ressursane i Folgefonn DPS, er dette over år snudd til at Kvinnherad har det vesentlege av ressursane. Som vist til i evalueringa og i innspela, går dette utover tilbodet til pasientane i Hardanger. Det er i evalueringa elles stadfesta at pasientane i Hardanger får eit svakare tilbod enn pasientane i Kvinnherad. Tilboda og ressursane er vesentleg svakare i vår del av opptaksområdet. Det er om lag likt tal pasientar i Hardanger og Kvinnherad.

7-døgnposten i Odda vart kort tid etter opprettingan redusert til 5-døgnpost. Utan at det nokonsinne er forsvart fagleg. Samstundes er det oppretta 7-døgnpost på Valen, slik at det i dag er to døgnpostar på Valen med i alt 12 senger. Det er dette som er grunnen til at ein i dag har 16 senger i opptaksområdet.

Overføring av ressursar:

I saka går det fram at tilsette ved 5-døgnposten må pårekna anna arbeid og at det blir fleire tilsette ved poliklinikken i Odda.

I evalueringa vart det konkludert med at det ved ei nedlegging skulle vera 14 årsverk ved poliklinikken i Odda.

Forslaget administrasjonen no legg fram for styret i Helse Fonnaer heilt uklar på omfanget.

Odda kommunestyre reagerer sterkt på at det som låg til grunn for evalueringa sine konklusjonar, ikkje vert fulgt opp i innstillinga.

- **Vi krev som eitt minstemål at det vert vedteke 14 årsverk ved poliklinikken i Odda ,slik evalueringa etter ti møter kom fram til.**

Helseforetaket har gjennom åra ha gjennomført eitt voldsomt stort nedtak i ressursar og tilbod i Hardanger.

Ytterligere nedskjæringar kan ikkje akseptrast av Odda kommunestyre!